



Preses Olav Fykse Tveit:

Vigslingstale til biskop Sunniva Gylver

Oslo domkyrkje 23. februar 2025

Kjære Sunniva!

Biskop tyder «den som ser». Det er ikkje så vanskeleg å sjå deg, heller ikkje å sjå kva du er. Du står tydeleg fram med deg og det du har hatt som di oppgåve dei siste åra: Å vere prest i Oslo. No vert du biskop, og vert den som framfor alt skal sjå. Kva er det?

Det er to syn eg vil særleg minne deg om i dag:

For det første er det du ser veldig tydeleg i dag: Du er ikkje åleine om denne oppgåva. Når du ser kven og kor mange som er her, er det tydeleg at det er vesentleg for mange kven som er biskop i Oslo, også i vår tid. Du ver den 63. i rekkja. No er det din tur, no er det du som skal leie det store oppdraget vår kyrkje har her i Oslo, Bærum og Asker i tida som kjem.

Ikkje mange får så stor merksemd og markering når dei startar på ein ny jobb. Det seier mykje om kva kyrkja betyr for sine medlemmer, men også for folket og byen, og det samfunnet vi lever i med eit stort mangfald av menneske med ulike tru og livssyn. Å vere biskop i ei folkekyrkje handlar om å vere leiar for dei mange i kyrkja vår, saman med alle dei som har ulike oppgåver, frivillige, tillitsvalde og tilsette. Det er å vere leiar i ei kyrkje som skal vere til for alle folk og alle slags folk i bispedømmet og i landet vårt. Ved bispevigslingar har vi den store glede og ære at HM Kongen er til stades, og det understrekar også nettopp denne oppgåva kyrkja har. I dag er også Statsministeren saman med oss.

Ved bispevigslingar er også dei andre som har leiaransvar i kyrkja vår representerte, så som Kyrkerådet som har utnemnt deg, bispedømmerrådet i Oslo, bispekollegaer, prostane, dei tre fellesråda i Oslo, Bærum og Asker og endå fleire. Som alltid, inviterer vi biskopar frå våre lutherske samarbeidskyrkjer i Norden, dei anglikanske kyrkjene og Metodistkyrkja – og representantar for mange andre kyrkjer, og trusfellesskap og arbeidsfellesskap til å vere med oss ved eit slikt høve. Det gjer vi nettopp for at du – og vi all skal sjå, at vi er ikkje åleine, men at vi står saman i tru og teneste. I tider som dei vi no opplever, vert det endå viktigare med teikn på det som samlar oss – og ikkje minst teikn på tru, håp og kjærleik.

Men du skal som biskop sjå at du ikkje er åleine, fordi andre skal vite og kjenne at du ser dei. Som kollegaer og medarbeidarar som deler oppdraget med deg. Som menneske som treng å oppleve at du som biskop, som representant for kyrkja som eit stort fellesskap, ser dei og er der for dei. Gjennom di offentlege rolle, på vegne av kyrkja med sitt budskap og si tru - og gjennom kyrkjias synlege nærvær i kyrkjebygg, og i alle andre samanhengar.

Biskopen har difor eit ansvar for å sjå både innover og utover, og sjå korleis det å vere eitt i Kristus er å vere eit fellesskap i eit stort mangfold.

For det andre: Du skal som biskop sjå – og hjelpe oss andre til å sjå – det vi ikkje ser, men likevel byggjer vårt liv på. Fellesskap og einskap er ikkje det samme som enighet. Men det er også å ha noko felles å byggje på, å leve på og dø på, noko som vi set vår lit til og forpliktar oss på sammen.

Denne spesielle sundagen minner oss om kva det: På «Kristi forklåringsdag» les vi om at det vart klårt for disiplane kven Jesus er. Det var ikkje noko dei hadde vorte enige om, knapt nok noko dei forsto, endå mindre noko dei kunne bevise, men det vart klårt – klårt nok.

Og kva er det? Jo, det er det som gjeld det første vi skal gjere saman med deg som vigsla biskop i dag. Du skal leie oss i å seie fram vår felles kristne tru – med orda frå Den nikenske truvekjenninga. Vi feirar 1700-års jubileum for akkurat den i år. Den var utforma nettopp for å seie at kyrkja trur på det vi ikkje ser, men likevel knyter vårt liv til: Det er at det er Gud sjølv som står fram i mennesket Jesus, han som «for oss menneske og til vår frelse .. vart menneske av kjøt og blod». I alt det som menneskelivet kan romme, er Gud kome nær. Den krossfeste og oppstandne Kristus er vår Herre og frelsar i møte med synd og død. Denne trua – som vi vert gitt gjennom Den Heilage Ande – deler vi med dei første vitne og apostlar. Men dette er meir enn formalar. Dette er sanningar som vi ser i det som vi ikkje ser, men som likevel og kanskje nettopp difor er ein realitet.

Som biskop skal du framfor alt forkynne og sørge for at dette evangeliet blir noko vi kan både høyre og sjå. I ord, i sakramenta dåp og nattverd, og i ulike handlingar som kan gjere Gudskjærleiken synleg. Då Gud vart menneske vart alt menneskeleg og alle menneske omfatta av Guds evige kjærleik og omsorg. Ja, ikkje berre det menneskelege, men alt Gud har skapt, alt levande og alt i naturen elles. Som biskop skal du hjelpe oss å tru, både kva vi skal tru og at vi kan sjå det klårt nok.

Når det no står ein kamp i verda om kva kristentru er og skal bety for vårt liv, endå til i storpolitiske dramaer som utspelar seg, ser vi også kor viktig det er at kyrkja – og biskopar – er tydelege i å sjå og vise at Gud elsker og bryr seg like mykje om alle menneske og alle slags menneske, og særleg dei som er minst privilegerte og mest sårbare.

Mange er spesielt glade for denne dagen fordi dei har sett og høyrte at nettopp du, Sunniva, har ei spesiell gåve, ei nådegåve, nettopp til å gjere trua tydeleg og mogeleg. Du forkynner evangeliet om Jesus Kristus klårt og livsnært, i alle slags samanhengar og for alle slags menneske. Det skal du gjere som biskop, og hjelpe oss å sjå kven Jesus Kristus er – for oss og med oss. Alle dagar.

Så er ei bispevigsling framfor alt vår felles bøn om at Guds Ande må vere med deg i dag og alle slags dagar, og at du skal oppleve at Gud ser deg.